



**Annemor Ekeland er nett komen heim frå ein minnerik tur i Midt-Vesten saman med ein heil flokk vestlendingar og mellom dei 10 kvinnheringar. Ho har sendt oss eit bilete frå Story City i Iowa av ein flott familie som ættar frå Uskedalen.**

Familien hadde ein stor farm. Dei heiter Johnsen, noko som tyder på at det har vore ein Jon. Den eldste, som var heile 93 år, var frisk som ein fole og meinte han kom frå Musland.

I alle høve ætta dei frå Uskedalen, men dei hadde lite kjennskap til slekta si. Annemor undrar no på om nokon kan fortelja ho meir om denne familien.